



Statens vegvesen

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Behandlande eining:
Drift og vedlikehold

Sakshandsamar/telefon:
Turid Hagelia Korshavn /
93096282

Vår referanse:
22/18905-150

Dykkar referanse:

Vår dato:
26.10.2023

Rv. 41 Steane – Vrådal, planID38212022002


Varsel om utviding av planområde – tilleggskunngjering

Statens vegvesen varslar i medhald av plan- og bygningslova §§ 12-3, 12-8 og 3-7 om utviding av plangrensa for pågåande arbeider med detaljreguleringsplanen for Rv. 41 Steane – Vrådal, Kviteseid kommune. Vi viser óg til varslingsbrev av 27.09.23.

Bakgrunn

Bakgrunn for utviding av plangrensa er at det er behov for meir areal enn først anteke for å løyse utfordringar med overvatn. Bekken som renn søraust for Straand hotel delar seg i to ved Vest-Lønnegrav slik at det er eit bekkefar nordvest for og eit søraust for bustaden. Ny veg gjer det naudsynt med tiltak i bekken søraust for Vest-Lønnegrav fram til utløpet i Nisser. Sjå fig. 1 og vedlagte kunngjeringskart med oversikt over aktuelt areal. Utvidinga av planområdet er vist med blå line. Rød line er tidlegare kunngjort plangrense.

Tilleggskunngjeringa har eit areal på ~1,5 daa, og omfattar delar av gnr/bnr 16/17. Planområdet eit samla areal på om lag 850 daa.



Postadresse
Statens vegvesen
Drift og vedlikehold
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Langsævn 4
4846 ARENDAL

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

Fig. 1. Tilleggskunngjering er vist med blå stipla line. Raud stipla line er tidlegare kunngjort grense.

Gjeldande planstatus

Arealet som omfattast av tilleggskunngjeringa er dels avsett til LNRF-formål, omsynssone H570 bevaring kulturmiljø, omsynssone H510 landbruk og dels detaljeringssone der reguleringsplan fortsatt skal gjelde. Delar av arealet inngår i reguleringsplan for Vrådal sentrum Eidsto II av 24.04.86. Arealet er regulert til bustadformål.

Planprosess, framdrift og frist for innspel/merknader

Merknader til planarbeidet sendast skriftleg til Statens vegvesen innan **24.11.23** enten på brev til Statens vegvesen, postboks 1010 Nordre Ål, 2605 Lillehammer eller på e-post til firmapost@vegvesen.no. Merk brevet eller e-posten med saksnr. **22/18905**.

Kunngjeringa kan òg sjåast på www.vegvesen.no/vegprosjekter/hoeringer-vegprosjekter/ og på www.kviteseid.kommune.no. Når merknadsfristen er ute vil Statens vegvesen gå gjennom merknader og innspel. Merknader og innspel vil ikkje bli svart ut direkte, men vil bli kommentert og vurdert i plandokumenta.

Planforslaget vil bli lagt ut til høyring og offentleg ettersyn, og det blir mogleg å komme med merknader og motsegn til forslaget før vidare politisk handsaming. Det er eit mål at planen blir vedteke sommaren 2024.

Ta gjerne kontakt

Eventuelle spørsmål til planarbeidet kan rettast til planleggingsleiar Turid Hagelia Korshavn, mobil 930 96 282, e-post: turid.hagelia.korshavn@vegvesen.no.

Vedlegg

- Kunngjeringskart – tilleggskunngjering, datert 23.10.23

Drift og vedlikehold sør
Med helsing

Sigurd Wiberg
prosjektleiar

Turid Hagelia Korshavn
planleggingsleiar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Likelydande brev sendt til
Arbeidsgruppa for gang- og sykkelveg i Vrådal,
ARVID OLAUS STRAUMSNES, KISVEGEN 3, 3727 SKIEN,

HELGE JON LØNNEGRAFF, KVITSEIDVEGEN 1715, 3853 VRÅDAL,
KVITSEID KOMMUNE, Kviteseidgata 13, 3850 KVITSEID
MATTILSYNET, Felles postmottak Postboks 383, 2381 BRUMUNDDAL
Naturvernforbundet i Vest-Telemark v/Torfinn Sanden, Kyrkjebygdvegen 131, 3854
NISSEDAL
NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE), Postboks 5091 Majorstua, 0301 OSLO
RENOVEST IKS, Ordalsvegen 63, 3850 KVITSEID
STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMAR, Postboks 2076, 3103 TØNSBERG
STRAAND HOTELLEIENDOM STRAAND ANS, 3853 VRÅDAL
TELENOR INFRA AS, Postboks 800, 1331 FORNEBU
TORE LØNNEGRAFF, KVITSEIDVEGEN 1718, 3853 VRÅDAL,
VESTFOLD OG TELEMAR FYLKESKOMMUNE, Postboks 2844, 3702 SKIEN
VEST-TELEMAR KRAFTLAG AS, Høydalsmovegen 815, 3891 HØYDALSMO
vrådal grendelag, Vråljosvegen 222B, 3853 VRÅDAL